

Kulturprisen 2003 utdelt til Bømlo Musikal Laug

Kulturprisen 2003 vart i går kveld utdelt til Bømlo Musikal Laug. Prisen består av 20.000 kroner, eit bilete og vakre blomar. Det var Bjørn Håvard Bjørklund som tok i mot prisen på vegne av lauet.



– Dette er ei storhending. Les Miserables er den største kulturhendinga på Bømlo gjennom tidene. Å samla 11000 til framsyningane i Moster Amfi var heilt fantastisk, var innleiingsorda til ordførar Inge Reidar Kallevåg som sto for utdelinga av prisen. Ordføraren var og inne på det kollosale arbeidet som var lagt ned i framsyninga. Han peika på det vågemot eit slikt prosjekt innebar, og ikkje minst den risiko som arrangørane tok både med tanke på vertilhøve og når det gjeld økonomi.

Ordføraren var og inne på at bak arrangementet låg to års planleggingsarbeid og 50.000 dugnadstimar, dvs. 30 årsverk! Ein utruleg innsats utført for det meste av lokale krefter. Framsyninga hausta fortent merksemd og rosande omtale langt ut over kommunegrensene, der media brukte ord som magisk, storslått og vakkert.

Bjørn Håvard Bjørklund representerte Bømlo Musikal Laug, og sa i sin takketale at lauet var takksame for prisen, og at dei var glade for at kommunen sette pris på den verdiskaping som prosjektet førte til. Han var og inne på entusiasmen og engasjementet i lauet. Bømlo Musikal Laug har lagt lista høgt, med strenge krav til kvalitet. Lauget støttar og opp om det lokale song- og dansemiljøet.

Les Miserables vert sett opp att i august i år, og såleis kan me alle gleda oss til nye opplevingar i Moster Amfi med Bømlo Musikal Laug.